



Leknes Brygge AS
Sognevegen 167
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3988 - 14/15163

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2014

Deling - gbnr 195/10 Leiknes - arealoverføring.

Eigedom: gnr.195 bnr.10 Leknes brygge
Adresse for eiged.: Storneset
Type tiltak: Deling og arealoverføring
Heimelshavar: Leknes Brygge AS
Søker: Leknes Brygge AS

Saka gjeld:

Leknes Brygge AS eig grunnen under delar av byggefeltet på Storneset på Leknes. Området er regulert til bustadføremaal og for ein stor del utbygget. Ein søker om å få dele frå to små parsellar på til saman 240m². Dette er areal som ligg mellom tomt 195/182 og 195/10 og som er sett av til bustadføremaal. Fordi areala ligg klemt mellom veg og grense til 195/182 (parsell B = 140m²) og mellom friareal og grense til 195/182 (parsell A = 100m²), høver det godt å justere grensene, slik det no vert søkt om.

Planstatus/dispensasjonar:

Areala som er søkt delt frå er regulert til føremålet. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

Nabovarsling:

Det ligg ikkje føre nabovarsel, men det er berre søker som grenser til dei areala som skal delast frå. Tilhøva på staden vert heller ikkje endra ved tiltaket. Kommunen vurderer at nabovarsel ikkje er naudsynt.

Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Tiltaket fører ikkje til endring i desse tilhøva.

VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommunen løyve til å å dele frå to parsellar på til saman 240m² frå gnr.195 bnr.10 Leiknes, slik det er synt på kart motteke av kommunen i søknad stempla inn 30.04. 2014. Parsellane skal nyttast som tillegg til gnr.195 bnr.182 som er ein bustadtomt.

Delinga er i samsvar med godkjend plan.

Grunngjeving for vedtaket:



Kommunen vurderer søknad om deling etter Pbl §20-1 og §26-1.

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, føresegn, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel skikka til bygging.»

Det gjeld frådeling av to parsellar for grensejustering mellom to eigedommar. Tiltaket er i trå med gjeldande plan og areala er sett av til førmål bustadbygging. Det vert ikkje oppretta nye tomter.

Deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegretslege føresegner gjeve i eller med heimel i pbl. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf.pbl §21-9.

Gebyr:

Med heimel i kommunen sitt gebyrregulativ vedteke i desember 2013 og gjeldande for 2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Søknad om deling i regulert område, andre føremål kr.5000,-.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine føresegner. Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Leknes Brygge AS

Sognevegen 167 5994

VIKANES